



Atle Isdal
Alvervegen 55
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1489 - 19/18750

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
17.06.2019

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 137/326 Alver

Tiltak: naust
Byggjestad: Gbnr: 137/326
Tiltakshavar: Inger-Johanne Kolstad Isdal
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 16.05.2019.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Avtale om vegrett til fots over gbnr 137/351 – Lindås kommune.
2. Naboerklæring frå gbnr 137/351 – Lindås kommune- for plassering av tiltak nærare enn 1 meter frå nabogrensa, sjå vedlagte skjema. Førespurnad sendast til postmottak@lindas.kommune.no
3. Det må gis tilbakemelding om kor parkering skal skje.
4. Det må ligge føre privat avtale om parkering for bil i nærleiken av naustetomta. For naust skal det disponerast biloppstillingsplass i gangavstand frå nausteigedomen. Gangavstand er satt til retningsgivande 500m. Frå dykkar bustad – Alvervegen 55 – er det ca. 1000m i luftlinje. Når vi veit kor parkering skal skje, vil det bli avklart om tiltaket krev avkøyringsløyve/utvida bruk av avkøyrsel frå kommunal veg.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 15.07.2019**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.



Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Naboerklæring i samsvar med pbl. § 29-4

Kopi til:

Inger-Johanne Kolstad Isdal	Alvervegen 55	5911	ALVERSUND
-----------------------------	---------------	------	-----------

Mottakarar:

Atle Isdal	Alvervegen 55	5911	ALVERSUND
Inger-Johanne Kolstad Isdal	Alvervegen 55	5911	ALVERSUND